



Hardanger
fartøyvernssenter



Velkommen til maritimt verktøyseminar

Tema: Verktøy og arbeidsmåtar ved dekor av båtar og fartøy.

Hardanger fartøyvernssenter 19. – 21. november 2025

Med det maritime verktøyseminaret ynskjer vi å verta betre kjend med handverka gjennom verktøya og arbeidsmåtane som følger dei. Seminaret vender seg til profesjonelle handverkarar som til dagleg arbeider med tradisjonelt verktøy og arbeidsprosessar i båtar og fartøy.

Med det maritime verktøyseminaret ynskjer vi å verta betre kjend med handverka gjennom verktøya og arbeidsmåtane som følger dei. Seminaret vender seg til profesjonelle handverkarar som til dagleg arbeider med tradisjonelt verktøy og arbeidsprosessar i båtar og fartøy.

Me vil med dette brevet ynskje velkommen til årets verktøyseminar ved Hardanger fartøyvernssenter. Tema i år er verktøy og arbeidsmåtar ved dekor av båtar og fartøy! I år har me ambisjonar om lage verktøy som til dømes strek-høvel, staff-høvel eller profilhøvel. Seminaret er nr. 16 i rekka og har blitt ein viktig møteplass for tradisjonshandverkarar.

I starten av seminaret vil me gå igjennom ei utstilling av verktøy med fokus på årets tema. Utstillinga er dels verktøy me har henta frå samlingar i Hardanger og dels verktøy som deltakarane tek med. Soleis tek alle med seg eit eller fleire dekor-verktøy til utstillinga som merkast med namn. Desse vil vere tilgjengeleg som mal for nye verktøy under seminaret.

Me vil ha som mål at alle deltakarar får lagd minst eit verktøy som kan nyttast i dagleg bruk. Me vil ha samtale undervegs i arbeidet rundt utforming og funksjon. På kveldstid vil vi samlast for å verta betre kjent med korleis dekor-tradisjonar har gjort seg gjeldande innan for båt og fartøy. Foredraga på kveldstid er opne for allmenta.

Siste dag på seminaret vil vi finstemme verktøya som har vorte laga under seminaret og sjå nærmare på korleis slike verktøy vert nytta gjennom ulike øvingar.

Påmelding innan
1. november

Kursavgift: 3000,-
inkluderar lunsj og
middag alle dagar.

Førstemann til mølla!

Meld deg på via
Ticketco ved å
trykke her.

Praktisk informasjon

Tinging av Høveltenner, strekvedkrok

Høveltenner eller strekvedkrok kan tingast direkte innan 1. november til vår smed Lars Ystanes, lars.ystanes@fartoyvern.no

- Pris 2 tenner til staffhøvel: 1600,-
 - Pris enkelt-tann til profilhøvel: 800,-
 - Pris enkelt-tann til strek-høvel: 800,-
 - Pris strekvedkrok etter original frå Folkemuseet Utne: 2000,-
- Tennene er ikkje slipt ved levering.

Ta med egne tenner om du ikkje tingar frå Lars.

Overnatting

Det finst fleire ulike alternativ i Kvam, men overnattingsstadane som ligg nærast fartøyvernssenteret er:

- [Hardanger feriesenter](#)
- [Oddland camping](#)
- [Thon hotel Sandven](#)
- [Hardangerfjord Hotel, Øystese](#)
- [Airbnb](#)

Mat

Det vert servert lunsj og middag alle kursdagane. Har du nokon allergiar gjer du beskjed i samband med påmelding og vi avtalar med kjøkkenet.

Seminaransvarleg

Peter Helland-Hansen, 480 62 449, peter.helland.hansen@hvm.museum.no

Kasper Krogh Hansen, 90679902, kaper.kh@fartoyvern.no

Velkomen til lærerike dagar i Norheimsund!

PROGRAM 2025

Onsdag 19. nov.

Tid	Stad	Tema	Ansvarleg
09.00–09.30	Kafé Kulturnaustet	Registrering/kaffi	
09.30–10.00	Kafé Kulturnaustet	Velkommen. Informasjon om kursdagane/program.	Peter H-H
10.00–11.00	Utstilling 2. etg Kulturnaustet	Vi går igjennom utstillinga av verktøy	Peter H-H og Kasper K. H
11.00–12.00	Læringsarena Kulturnaustet	Vi kjem på plass i verkstaden, emneval og oppstart verktøy	
12.00–13.00	Kafé Kulturnaustet	Lunch	
13.30–17.00	Læringsarenaen	Arbeid med verktøy	
17.00–18.00	Kafé Kulturnaustet	Middag	
18.00–19.00	Filmsal i Kulturnaustet	Åpent foredrag: Om dekor i Hardangerbåtane	Peter H-H

Torsdag 20 nov.

08.00–08.30	Læringsarena	Kaffi	
08.30–12.00	Læringsarena	Arbeid med verktøy	
12.00–13.00	Kafé Kulturnaustet	Lunch	
13.00–14.00	Småbåtutstilling reperbane og verft	Vi ser nærmare på dekor i båt og fartøy	Peter H-H
13.00–17.00	Læringsarenaen	Videre arbeid med verktøy	
17.00–18.00	Kafé Kulturnaustet	Middag	
18.00–19.00	Filmsal	Åpent foredrag : Om pryd og dekor i fartøy	Kasper K. H

Fredag 21. nov.

Tid	Stad	Tema	Ansvarleg
08.30–09.00	Småbåtverkstad	Læringsarena	
09.00–11.00	Læringsarenaen	Øvelser med bruk av verktøy	
11.00–12.00	HFS	Oppsummering evaluering	
12.00–13.00	Kafé Kulturnaustet	Lunch	

Verktøy og utstyr

- Arbeidskle og verktøykasse
- Hørselvern og vernebriller
- Verktøykasse
- Blyant, ripmått og rissenål
- Vinkelmålar og lausvinkel
- Tommestokk og skyvelær
- Drill med 3 og 4 mm bor eller navar
- Klubbe eller kneppert
- Fintanna rotterumpe
- Fintanna sag
- Kniv
- Pusshøvel støthøvel og spokeshave
- Tappjarn 1», 3/4», 1/2» og 1/4»
- Skylp
- Kvasse trekant- og rundfiler til sliping av tannprofil
- bryne til sliping av høvel og kniv
- Verktøy til utstillinga- merkes med namn
- **Høvelstål til dekorhøvlane om du ikkje har tinga spesielt frå smeden**
- *Førstehjelp - Kursansvarleg*
- *Tormek og benkeslipar kursansvarleg*

Syt for at verktøyet du tek med er kvast. Nyttig at det også er merkt med namn til eigaren! Om det er noko du manglar av verktøy prøver vi å hjelpast åt med det vi har. Me har emne til høvelstokk, handtak og kile.

Områdekart

